



KFIR

Klagenemnda for industrielle rettigheter

AVGJERD

Sak: 25/00001
Dato: 25. april 2025

Klagar: Kjellingnuten Holding AS
Representert ved: Halvor Lognvik

Innklaga: KILLINGNUTEN HOLDING AS
Representert ved: Ikkje representert ved fullmektig

Klagenemnda for industrielle rettar, med dette utvalget:

Sarah Wennberg Svendsen, Tore Lunde og Ingeborg Alme Råsberg

har kome fram til følgjande

AVGJERD

1 Kort framstilling av saka:

- 2 Saka gjeld klage over avgjerd frå 12. november 2024, der Patentstyret etter krav om administrativ overprøving kom fram til at føretaksnamnet KILLINGNUTEN HOLDING AS ikkje er registrert i strid med foretaksnavneloven.
- 3 Føretaksnamnet KILLINGNUTEN HOLDING AS, med organisasjonsnummer 932 759 101, vart registrert i Føretaksregisteret den 2. februar 2024 med næringskode «68.209 Utleie av egen eller leid fast eiendom ellers».
- 4 Halvor Lognvik, på vegne av KJELINGNUTEN AS, leverte den 22. juli 2024 krav om administrativ overprøving til Patentstyret. Kravet vart grunngjeve med at føretaksnamnet KILLINGNUTEN HOLDING AS kan forvekslast med kravstillaren sitt føretaksnamn, KJELINGNUTEN AS med organisasjonsnummer 923 980 857.
- 5 Patentstyret kom til at registreringa av føretaksnamnet KILLINGNUTEN HOLDING AS ikkje er i strid med foretaksnavneloven § 2-6 nr. 4, og kravet om administrativ overprøving vart ikkje tatt til følge.
- 6 Klage kom inn den 17. november 2024. Patentstyret har vurdert klagen og ikkje funne det klart at han vil føre fram. Klagen vart send til Klagenemnda for vidare behandling den 3. januar 2025, jf. varemerkeloven § 51 andre ledd.

7 Patentstyret sitt vedtak er hovudsakleg grunngjeve slik:

- Føretaksnamnet KJELINGNUTEN AS er skildrande og manglar særpreg. Då vilkåret om særpreg ifølgje foretaksnavneloven § 3-2 første ledd, jf. varemerkeloven § 14, ikkje er oppfylt, har ikkje føretaksnamnet vern mot kjenneteikn som kan forvekslast. Føretaket KILLINGNUTEN HOLDING AS er difor ikkje registrert i strid med foretaksnavneloven § 2-6 nr. 4, jf. § 3-2 første ledd.
- Killingnuten er eit stadnamn i Rauland, i Vinje kommune i Telemark. Det blir lagt til grunn at Kjellingnuten vil bli oppfatta som det lokale nynorske namnet på Killingnuten.
- Næringskoden og det kunngjorde føremålet, samt vedtektsfesta føremål frå Brønnøysundregisteret, skildrar føretaket KJELINGNUTEN AS si reelle verksemd, som er utvikling og sal av fast eigedom, og meir spesifikt utbygging, sal og utleige av eigedom og tomter rundt Kjellingnuten.
- Undersøkingar viser at gjennomsnittsforkbrukaren vil oppfatte Killingnuten/Kjellingnuten som ein geografisk stad, og at det blir drive eigedomsutvikling i dette området. Det blir

vedlagt ei rekkje søkjerresultat frå internett som viser omfattande utbygging, utvikling og sal av tomter i området.

- Når det gjeld bestanddelen AS, er dette i føretaksnamn ei forkorting for «aksjeselskap» som angir føretaksform.
- På denne bakgrunnen finn Patentstyret at kravstillaren sitt føretaksnamn KJELINGNUTEN AS er skildrande for verksemda og manglar særpreg ifølgje varemerkeloven § 14.
- Klagar sitt føretaksnamn har difor ikkje vern mot kjenneteikn som kan forvekslast. Konsekvensen av å velje eit skildrande føretaksnamn er at kravstillaren ikkje kan hindre andre i same bransje i å registrere liknande føretaksnamn. For ordens skuld opplyser Patentstyret at faktisk forveksling ikkje har noko å seie i forvekslingsvurderinga etter føretaksnavneloven § 2-6 nr. 4.

8 Klagar har for Klagenemnda i korte trekk gjort gjeldande:

- Føretaksnavneloven §2-1, §2-3 og §2-6 seier det same; det kan ikkje tillatast namnelikskap utan at partane er einige. Patentstyret har gjort uforståelege skjønnsmessige vurderingar ifølgje § 2-6.
- KJELINGNUTEN HOLDING AS er nøyaktig same namn som KILLINGNUTEN HOLDING AS. På grunn av språkleg misforståing vart den offisielle skrivemåten for stadnamnet Killingnuten, og ikkje Kjelingnuten, dei to skrivemåtane er dermed variantar av det same stadnamnet.
- Dette betyr at det er tale om det same namnet, noko som ikkje er lovleg, og som i tillegg er praktisk unyttig.

9 Innklaga har ikkje levert tilsvar.

10 Klagenemnda skal uttale:

11 Klagenemnda har kome til same resultat som Patentstyret.

12 To føretaksnamn kan ikkje være identiske, jf. føretaksnavneloven § 2-1.

13 I vår sak er ikkje namna identiske, men liknande. Sjølv om namna refererer til det same staden, er skrivemåten ulik, og difor blir dei ikkje rekna som identiske. I slike tilfelle må saka vurderast etter føretaksnavneloven § 3-2.

- 14 Det er berre dersom det eldste føretaksnamnet har særpreg at innehavaren kan motsette seg registrering av eit liknande føretaksnamn. Dersom det eldste føretaksnamnet manglar særpreg, har det ikkje noko å seie om det ligg føre forvekslingsfare eller ikkje. Eit tenkt døme til illustrasjon kan vere at det eldre føretaksnamnet SANDVIKA RØRLEGGJER AS, og det nyare namnet RØRLEGGJERSERVICE SANDVIKA AS, kan eksistere side om side i Føretaksregisteret. Det eldste føretaksnamnet er skildrande for staden og verksemda, og har ikkje særpreg. Difor kan ikkje innehavaren av SANDVIKA RØRLEGGJER AS hindre registrering av liknande føretaksnamn. Dette gjeld sjølv om kundane i praksis kan tenkjast å ta feil av namna.
- 15 Klagenemnda må i denne saka først vurdere om KJELLINGNUTEN AS har særpreg etter føretaksnavneloven § 3-2 første ledd, som igjen viser til varemerkeloven § 14. Dersom namnet ikkje har særpreg, kan namna KJELLINGNUTEN AS og KILLINGNUTEN HOLDING AS eksistere side om side i Føretaksregisteret. Dersom merket har særpreg, må Klagenemnda gå vidare og vurdere om det føreligg risiko for forveksling etter § 3-2 andre ledd.
- 16 Vurderinga av om føretaksnamnet har særpreg, skal gjerast ut frå dei relevante tenestene namnet blir brukt for. Føretaksnamnet KJELLINGNUTEN AS, med organisasjonsnummer 923 980 857, vart registrert i Føretaksregisteret den 29. november 2019 med næringskode «41.109 Utvikling og salg av egen fast eiendom ellers». Både opplysningar om klagar si verksemd frå Føretaksregisteret, granskinga til Patentstyret og Klagenemnda sine undersøkingar stadfestar at klagar sin verksemd går ut på eigedomsutvikling og utleige av eigedom, og særleg utbygging av hyttetomter og sal av hytter rundt Kjellingnuten.
- 17 Vurderinga av om eit geografisk namn er skildrande skal gjerast i to trinn, jf. EU-domstolens rådgivande fråsegn av 4. mai 1999 i dei sameinte saker C-108/97 og C-109/97 Chiemsee avsnitt 31 og 32, som vart følgt opp av Høgsterett i ROUTE 66 i HR-2016-2239-A ROUTE avsnitt 37 og 38:
- 1) Er merket kjent for omsetningskretsen som eit geografisk stadnamn?
- 2) Vil – eller kan i framtida – omsetningskretsen knyte stadnamnet til eigenskapar ved dei aktuelle varene og tenestene?
- 18 Klagenemnda finn det sannsynleg at den norske gjennomsnittsforkbrukaren vil oppfatte Kjellingnuten som eit stadnamn. Både klagar og Patentstyret har vist at Kjellingnuten er den lokale skrivemåten for den geografiske staden som stavast Killingnuten i offisielle kart. Kjellingnuten/Killingnuten er namnet på ein fjelltopp i Rauland i Telemark fylke, som også har gitt namn til fritidseigedomsområdet i nærleiken av toppen. Namnet framstår som ein geografisk stad, sjølv om ein ikkje har forkunnskap om den konkrete staden. Dette fordi namnet sluttar på «nuten», som ifølgje Stor norsk ordbok frå Gyldendal forlag betyr «noe avrundet fjelltopp».

- 19 Spørsmålet blir så om gjennomsnittsforbrukaren vil – eller i framtida kan – knyte stadnamnet til eigenskapar ved tenestene. Ei slik tilknyting ligg føre dersom stadnamnet blir oppfatta som staden der varene er tilverka eller kunne blitt tilverka, eller at det føreligg andre tilknytingsmoment, til dømes at gjennomsnittsforbrukaren vil tenkje at varene er utvikla eller designa på staden, jf. Chiemsee avsnitt 36. Det kan også vere at stadnamnet indikerer kvalitet eller andre eigenskapar ved varene, eller at det kan påverke forbrukarane sine val, ved at namnet framkallar positive assosiasjonar blant kundane. For slike merke gjer det seg gjeldande eit frihaldingsbehov, jf. Chiemsee avsnitt 26. Dette er følgd opp av EU-domstolen i C-488/16 P Neuschwanstein avsnitt 37 og EU-retten i T-197/13 MONACO avsnitt 47 og T-11/15 SUEDTIROL avsnitt 30. Spørsmålet om eit stadnamn har evne til å skape slike assosiasjonar, må vurderast konkret i relasjon til dei aktuelle varene og tenestene. Utfallet kjem blant anna an på kor kjent stadnamnet er, og kva for eigenskapar staden er kjent for.
- 20 Det er sannsynleggjort at det blir drive eigedomsutvikling i området, i form av sal av hyttetomter og fritidseigedomar, og det verkar truleg at dette er godt kjent i lokalmiljøet. Patentstyret har vist til nettsider som omtalar eigedomsutviklinga rundt Kjellingnuten, samt ein annonse på finn.no for sal av tomt der. I tillegg har Patentstyret vist til ei lokal sak frå NRK om Kjellingnuten, og fleire nettsider der det kjem fram at Rauland, kommunen der Kjellingnuten ligg, er eit populært hytteområde. Rauland er eit av Noregs største hytteområde med over 6000 hytter. Klagenemnda sine undersøkingar stadfestar at hytteutbygginga i Rauland stadig aukar, og at området byr på turområde, skiløyper, høgfjellshotell og nærleik til det kjende turmålet Gaustatoppen. Det er difor sannsynleg at ein ikkje uvesentleg del av omsetnadskrinsen, også utanfor lokalmiljøet, kjenner til staden Kjellingnuten som eit friluft- og hytteområde. Klagenemnda har, i likskap med Patentstyret, kome til at omsetnadskrinsen vil oppfatte KJELINGNUTEN som staden der verksemda går føre seg, nemleg at eigedomsutviklinga skjer i området ved fjelltoppen Kjellingnuten i Rauland i Telemark. Det er vanleg at fjelltoppar og andre landemerke gir namn til områda rundt. Difor er det ikkje avgjerande at hyttetomtene ikkje ligg på sjølve fjelltoppen, men i områda rundt.
- 21 Bokstavsamanstillinga AS betyr «aksjeselskap» og vil bli oppfatta som selskapets føretaksform.
- 22 På denne bakgrunnen har Klagenemnda kome til at føretaksnamnet KJELINGNUTEN AS angir det geografiske området for klagar si verksemd, samt føretaksforma. Det aktuelle føretaksnamnet er difor skildrande og manglar særpreg etter varemerkeloven § 14. Dermed har det heller ikkje vern mot liknande føretaksnamn etter foretaksloven § 3-2, og Klagenemnda skal ikkje gjere nokon vurdering av forvekslingsfare mellom namna.
- 23 På denne bakgrunnen har Klagenemnda kome til at registreringa av føretaksnamnet KILLINGNUTEN HOLDING AS, med organisasjonsnummer 932 759 101, ikkje har skjedd

i strid med foretaksnavneloven § 2-6 nr. 4. Registreringa blir oppretthaldt og klagen vert ikkje teken til følgje.

Det blir fatta vedtak med slik

Slutning

Klagen blir ikkje teken til følge.

Sarah Wennberg Svendsen
(sign.)

Tore Lunde
(sign.)

Ingeborg Alme Råsberg
(sign.)